

## **Referat frå møte i Skuleutvalet (SMU) og Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule**

Tidspunkt:	<b>Måndag 17.01.22 SMU kl. 18:00-19:00 SU kl. 19:00-20.00</b>	Stad:	<b>Digitalt møte på Teams</b>
------------	---	-------	-------------------------------

### **Desse var kalla inn:**

Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU
Christine Brogstad	Foreldrerådet, nestleiar FAU (meldt avbod)
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet
Andrine Garlid	Elevrådet
Isabell Langeland Tellnes	Elevrådet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Hege Misje	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr.	<b>MØTE I SKULEMILJØUTVALET</b>
6-21/22	<p><b>Saker og informasjon frå elevrådet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevrådet har arrangert teiknekonkurranse for å lage logo til Aktiv Glede-konseptet vårt. Dei har hatt utvida frist for å få flest mogleg bidrag inn. Frist 31.01.22. Det blir kjekt å få vår eigen logo!</li> <li>• I elevrådet har ein med jamne mellomrom fokus på Olweus-arbeidet og læringsmiljøet. Skulen har vore gjennom prosess med sertifisering i haust, og er no sertifisert for 3 nye år som Olweus-skule.</li> <li>• Vi drøfta inndeling av sonene ute i friminutta. Erfaringa er at det fungerer godt med to soner ute. Dei yngste opplever det som meir oversiktleg og trygt. Dei vaksne er ute i den sona der elevane dei jobbar tettast med oppheldt seg, noko som er viktig med tanke på relasjon, og det å kunne trygge og hjelpe.</li> <li>• Felleslunsj – i løpet av våren ønskjer vi å arrangere felleslunsj. Vi er for mange til å vere alle saman i gymsalen, så vi må sjå på korleis vi best organiserer lunsjen. Fau kan bidra med</li> </ul>

	<p>brød/rundstykker, så kan skulen dekkje resten.</p> <p>Pandemisituasjonen vil avgjere når og korleis vi organiserer felleslunsjen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane i elevrådet gir uttrykk for at det er veldig kjekt med musikk ute i storefri. Dette vil vi prøve å få til jamleg.</li> <li>• I løpet av våren vil elevrådet i samarbeid med Aktiv glede arrangere fotball- og kanonballturnering.</li> <li>• Nokre av benkane våre treng vedlikehald. Det kan også vere aktuelt å kjøpe inn nokre nye utebenkar.</li> </ul>
7-21/22	<p><b>Uteområdet vårt - skogen</b></p> <p>I sist møte kom der spørsmål om det er mogleg å bygge noko «leikeapparat» i skogen? Foreldrerepresentantane spør om dette er noko føresette kan utføre på dugnad?</p> <p>Det er strenge retningslinjer med tanke på HMS for kva ein kan bygge og montere av leikeapparat i skulegarden. I forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular blir det stilt funksjonskrav til både uteareal og inneareal mellom anna med omsyn til støy, luftforurensing, tryggleik, inneklima og reinhald. I høve til utearal står det følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• «Naturtomt bør i størst mogleg grad takast vare på, og skog bør takast vare på, heller enn eitt og eitt tre.</li> <li>• Det skal dokumenterast at leikeplassutstyret er i samsvar med forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr. Norsk standard 1176 og 1177 er rettleiande for tryggleik på leikeplassen. Før skulen startar opp skal rapport av kontroll utført etter montering leggjast fram».</li> </ul> <p>Dersom føresette på dugnad skal bygge noko i skogen, må det vere noko som er på bakkenivå, til dømes ny sandkasse, balansestokk e.l. Fau-leirar tek saka vidare til neste Fau-møte.</p> <p>Skulen har avgjort at dei gamle leikehyttene i skogen blir fjerna. Dei blir i liten grad brukt til det som er tenkt, og treng stadig vedlikehald. Eigedomsavdelinga ser om dei kan nyttast til gjenbruk ein annan plass. Skulen har etter utbygginga fått eit variert og fint uteområde, med ulike soner og ulike leikeapparat.</p> <p>Det er ønskje å få malt opp paradis o.l. på asfalten, gjerne på baksida av skuleplassen, mot skogen. Dette skal vi få til i løpet av våren.</p>
8-21/22	<p><b>Saker frå FAU:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er fleire føresette som brukar av- og påstigningssona til parkering. Ved mykje trafikk ved skulestart og skuleslutt bidreg dette til å gjøre området meir uoversiktleg og trafikkfarleg. Fau ønskjer at føresette får ei ny påminning. Sms vart sendt ut 18.01.21. I tillegg til sms kan dette også informerast om på vekeplan.</li> <li>• Kva gjer vi med 17. mai-planlegging? Det er vanskeleg på noverande tidspunkt å vite om 17. mai-feiringa kan gå som</li> </ul>

	<p>normalt eller med restriksjonar. Det er viktig at 17. mai-komitèen planlegg for ordinær feiring, så må ein heller justere etter situasjonen. Naboskulen har danna 17. mai komité og er i gong med planlegging. Vi drøfta at komitèen kanskje har lyst til å tenke nye aktivitetar, nye tradisjonar? Elevane kan føreslå aktivitetar om det er ønskjeleg. Dei siste punkta drøfta vi litt med utgangspunkt i at ein ikkje finn att informasjon frå dei siste arrangementa, samt at vi har stått i ein pandemi dei siste åra som gjer at vi kanskje tenker litt annleis på vegen vidare?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fau har den siste tida drøfta gratisskuleprinsippet. I siste fau-referat er det vist til kva lovar og reglar som gjeld i høve til dette (Udir.no). Landro skule er oppteken av å følgje gratisskuleprinsippet, og det same må vere gjeldande ved aktivitetar som arrangerast med klassen på fritida. Skulen noterer seg at vi kan snakke meir om gratisskuleprinsippet på foreldremøter, slik at det er heilt klart kva som gjeld.</li> </ul>
9-21/22	<p><b>Status i sak - vurdering endring av kringsgrenser for Turøy og Misje:</b></p> <p>Saka har vore til handsaming både i utval for tenester og levekår, samt i formannskapet. Endeleg handsaming skulle gjennomførast i kommunestyremøte 04.11.21, men der valte fleirtalet å utsetje saka. Dei meinte at den må sjåast på i ein større samanheng, og kva som vil vere behovet for eit større område når det gjeld kapasitet og kringsgrenser.</p> <p>Det er pr. no ikkje noko nytt i saka.</p>
10-21/22	<p><b>Informasjon frå administrasjon:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi drøfta situasjonen i høve til Covid-19. Det har vore lite smitte dei to første vekene etter nyttår, men dette kan fort snu med omikron. Det er forventa sterkt auke i smitte og sjukefråvær. Skulen har fått nokre retninglinjer om korleis vi må prioritere dersom driftssituasjonen blir kritisk grunna smitte. Vi hadde ein gjennomgang av denne prioriteringa.</li> <li>• Skulane i kommunen jobbar med utgangspunkt i ei handlingsplan mot vald og truslar. Dette er viktig arbeid for å forebygge og sikre god handtering. Det handlar både om elevane sitt læringsmiljø og dei vaksne sitt arbeidsmiljø. Vi var innom temaet grensesetting, sjølvregulering og psykisk helse. Vestnytt kjem til å ha ein artikkel om dette temaet i nær framtid.</li> </ul>

**Neste SU-møte: mandag 14.03 kl. 18-20.**

Referent:

Anita Vabø

Rektor